



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Plan- og kommunalteknisk utval



Møtedato: 06.03.2024
Møtetid: 13:00 -17:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset- Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Herdis Helle	Utvalsleiar	AP
Johannes Haugland	Nestleiar	SP
Kari Laurhammer Mjøs	Medlem	KRF
Johannes O Borge	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Ruben Nielsen	Medlem	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ragnar J Tyssebotn	Ruben Nielsen	FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

For kommunedirektøren: kommunalsjef for samfunnsutvikling, leiar for teknisk forvaltning, politisk sekretariat, rådgjevarar frå plan-avdelinga og ordføraren

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 8/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 9/24	Godkjenning av møtebok
PS 10/24	Referatsaker og meldinger
PS 11/24	Delegerte saker
PS 12/24	Gbnr 108/4 - Kleiveland - Klage på avslag om deling av grunneigedom etter jordlova
PS 13/24	2. gong handsaming - detaljregulering Helldal småbåthamn og strandsone - PlanID 46302022001 - gbnr 86/5 m.fl. Hosanger
PS 14/24	Lokal forskrift om minsteareal for hjort i Osterøy kommune - 2024
PS 15/24	Andre saker/spørsmål

Herdis Helle

Utvalsleiar

PS 8/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 8/2024
Godkjenning av innkalling og saksliste:

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 8/2024
Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

PS 9/24 Godkjenning av møtebok

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 9/2024
Godkjenning av møtebok:

Saka vert handsama etter sak 13/24.

Kari L. Mjøs, KRF, kom tilbake i møte.

Fulltalig utval.

Ragnar Tyssebotn, FRP, hadde slik merknad til møtebok: "I merknaden til representantane Johannes Haugland og Herdis Helle krev dei at alle framlegg til vedtak frå dei folkevalde medlemmane i Plan- og kommunalteknisk utval må meldast inn på førehand og "settast på sakskartet". Kravet bryt med Kommuneleva § 8-1 andre ledd, og innskrenker utvalsmedlemmane sin sentrale og grunnleggjande lokaldemokratiske rett til å fremja eigne forslag til vedtak i møte."

Utvalseiar peikte på at saker skulle stå på saklista for at innbyggjarane skal ha høve til å gjere seg kjent med at utvalet behandlar saker og eventuelt kome med innspel og for at medlemmene i utvalet skal vere merksam på kva saker dei handsamar.

Sekretariatet gjorde greie for kommunelova § 11-3 siste ledd om adgangen til å treffe i vedtak i saker som ikkje er oppført på saklista.

Utvalseiar synte til at saker skal vere forsvarleg opplyst før det vert treft vedtak og at sakshansamingsreglane i forvaltningslova skal fylgjast i saker som gjeld enkeltvedtak. Det er krevjande å få til om utvalseiar eller andre utvalsmedlemmer ikkje blir merksame på at det vert handsama og treft vedtak i saker som ikkje står på sakskartet.

Det var elles ingen merknader til møteboka.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 9/2024
Godkjenning av møtebok:

Møteprotokollen frå 31.01.2024 vert godkjend med slik merknad frå Ragnar Tyssebotn, FRP, til sak 2/24: I merknaden til representantane Johannes Haugland og Herdis Helle krev dei at alle framlegg til vedtak frå dei folkevalde medlemmane i Plan- og kommunalteknisk utval må meldast inn på førehand og "settast på sakskartet". Kravet bryt med

Kommunelova § 8-1 andre ledd, og innskrenker utvalsmedlemmene sin sentrale og grunnleggjande lokaldemokratiske rett til å fremja egne forslag til vedtak i møte.

PS 10/24 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 10/2024
Referatsaker og meldinger:

Utvalet hadde slike merknader til RS 5/24:

Kan forkortingar i rapporten forklarast til neste høve.

Kan utvalet få ein munnleg gjennomgang av tilsyn/ulovleg-oppfølginga i tillegg til framlegging av rapporta til neste høve.

Utvalsleiar peika på at er viktig at det blir etablert gode rutiner for å dokumentere/registrere tilsyn, medrekna at det vert ført tilsynsprotokollar slik sakshandsamingsreglane i lov og forskriftsverket krev. Ho sa seg samd i at det viktigaste var å føre tilsyn med tryggleik i bygg og på byggeplass, men poengterte at det også skal førast tilsyn med arealbruk og at bygg og anlegg er i samsvar med dei løyve og dispensasjonar som er gitt. Publikum etterspør også ulovlegkontrollar, sjølv om det ikkje er mogeleg å føre tilsyn med alle meldingar om mogeleg ulovlege tiltak.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 10/2024
Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vert tekne til vitande.

PS 11/24 Delegererte saker

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 11/2024

Delegererte saker:

Ragnar Tyssebotn, FRP, hadde slik merknad til DS 050/24 - Tirsåstunnelen:

Gamlevegen til Haus må rustast opp med ny asfalt før ein går i gong med arbeidet i tunellen, slik at denne vegen tåler det auka trykket av trafikk medan arbeidet pågår og vegen vert nytta som omkøyning.

Utvalet sa seg nøgd med løysinga som no er etablert for å få tilgang til saksdokumenta i dei delegererte sakene.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 11/2024 Delegererte saker:

Dei delegererte sakene vert tekne til vitande.

PS 12/24 Gbnr 108/4 - Kleiveland - Klage på avslag om deling av grunneigedom etter jordlova

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 12/2024 Gbnr 108/4 - Kleiveland - Klage på avslag om deling av grunneigedom etter jordlova:

VOTERING:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 12/2024 Gbnr 108/4 - Kleiveland - Klage på avslag om deling av grunneigedom etter jordlova:

Kommunen sitt vedtak av 07.11.2023 saknr. 218/23 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for avgjerd.

PS 13/24 2. gong handsaming - detaljregulering Helldal småbåthamn og strandsone - PlanID 46302022001 - gbnr 86/5 m.fl. Hosanger

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 13/2024 2.
gong handsaming - detaljregulering Helldal småbåthamn og strandsone - PlanID
46302022001 - gbnr 86/5 m.fl. Hosanger:

Saka vert handsama etter sak 8/24

Kari L. Mjøs, KRF, ønskje sin gildskap vurdert då ho er medeigar i planen.

Kari L. Mjøs, KRF, forlet møte.

Ingen vara møtte.

4 av 5 medlemmar/varamedlemmar tilstades.

VOTERING GILDSKAP:

Kari L. Mjøs, KRF, vert samrøystes kjend ugild jf. fvl. §6 første ledd bokstav a.

Utvalsleiar peika på at ho syntest det var misvisande at det i reguleringplanføresegnene under overskrifta, Føremålet med planen, vert oppgitt at føremålet er å leggje til rette for betre tilgjenge for ålmenta til strandsone i bukta [...]. Hovudføremålet synest å vere å etablere privat småbåthamn og naust. Tilgang til ålmenta er primært ein gunstig bieffekt/avbøtande tiltak til dette. Ho peikte også på at det i saksframlegget til rådmannen kunne vore noko meir utførleg gjort greie for merknadane frå 1. gongs høyring som ikkje, eller ikkje fullt ut, er tatt til fylgje.

Johannes Haugland, SP, sette fram slikt endringsframlegg:

"Tillegg til føresegner.

Punkt 4. Føringer av anleggsfasar.

Nytt punkt 4.2

Det må utarbeidast ein massehandteringsplan. Overskotsmassar skal nyttast best mogleg og med kortast mogleg transport for å auke og betre tilhøve for jordbruk og skogbruksdrift. Dette må i størst mogleg grad nyttast lokalt for å auke areal som kan haustast og nyttast maskinelt.

Begrunning: Dette for at føresegner skal vera iht. vedtatte overordnaplanar i Osterøy, Samfunnsplan"

VOTERING:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke

Johannes Haugland, SP, sitt endringsframlegg vert vedteke 3 røyster mot 1 røyst (FRP).

Ragnar Tyssebotn, FRP, ønskja slik merknad notert til voteringa: Eg har ikkje noko i mot forslaget, men meiner denne bør kome inn som ein merknad til planen når den ligg på høyring.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 13/2024 2. gong handsaming - detaljregulering Helldal småbåthamn og strandsone - PlanID 46302022001 - gbnr 86/5 m.fl. Hosanger:

Forslag til reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone planID 46302022001 med plankart datert 19.02.24, føresegner datert 19.02.24, planskildding datert 19.02.24 - med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av planog bygningslova § 12-10, med slik endring:

Tillegg til føresegner.

Punkt 4. Føringer av anleggsfasar.

Nytt punkt 4.2

Det må utarbeidast ein massehandteringsplan. Overskotsmassar skal nyttast best mogleg og med kortast mogleg transport for å auke og betre tilhøve for jordbruk og skogbruksdrift. Dette må i størst mogleg grad nyttast lokalt for å auke areal som kan haustast og nyttast maskinelt.

Begrunning: Dette for at føresegner skal vera iht. vedtatte overordnaplanar i Osterøy, Samfunnsplan

PS 14/24 Lokal forskrift om minsteareal for hjort i Osterøy kommune - 2024

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 14/2024
Lokal forskrift om minsteareal for hjort i Osterøy kommune - 2024:

VOTERING:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 14/2024 Lokal
forskrift om minsteareal for hjort i Osterøy kommune - 2024:

Plan- og kommunalteknisk utval gjer vedtak om at lokal forskrift om minsteareal for hjort i Osterøy kommune vert halde uendra for jaktseasonen 2024

PS 15/24 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 15/2024

Andre saker/spørsmål:

Johannes Haugland, SP, hadde slikt spørsmål: Kva er årsaka til at forskrifta for gjødselsspreiing er 2 mnd. kortare på Osterøy enn til dømes i Bergen kommune?

Kommunedirektøren, på vegne av kommunalsjefen for samfunnsutvikling, kjem tilbake til dette.

Utvalsleiaren hadde slikt spørsmål: Er det lagt ein plan for gjennfylling av dei mange hóla på dei kommunale vegane?

Kommunedirektøren, på vegne av kommunalsjefen for samfunnsutvikling, svarte.

Utvalsleiaren hadde slikt spørsmål: I samband med bilbrannen på Valestrand. Har kommunen oversikt over fleire bil-kyrkjegarder i kommunen?

Kommunedirektøren, på vegne av kommunalsjefen for samfunnsutvikling, svarte.

Utvalsleiaren hadde slikt spørsmål: Har kommunen en ordning for registrering av parkslirekne?

Kommunedirektøren, på vegne av leiar for teknisk forvaltning, svarte.

Utvalsleiaren hadde slikt spørsmål: Er det regler i kommunen mot felling av freda tre?

Kommunedirektøren, på vegne av kommunalsjefen for samfunnsutvikling og leiar for teknisk forvaltning, svarte.

Utvalsleiaren hadde slikt spørsmål: Kva er status på utsleppa i Lonevågen?

Kommunedirektøren, på vegne av kommunalsjefen for samfunnsutvikling, svarte.

Ragnar Tyssebotn, FRP, hadde slikt spørsmål: Tveitavegen til Åsheim er veldig dårleg og foten av vegen er rast ut. Hjulsporaer også blitt så store av bilar har problem med å kome seg opp på vinterstid. Kan ein prioritere dette?

Kommunedirektøren, på vegne av kommunalsjefen for samfunnsutvikling, svarte.

Ragnar Tyssebotn, FRP, hadde slikt merknad: Det gjeldt eit vedtak om bustader i LNF-områder fatta i heradsstyret. Dette vedtaket må takast med inn i kommuneplanen sin arealdel.

Kommunedirektøren, på vegne av leiar for teknisk forvaltning, svarte.

Ragnar Tyssebotn, FRP, hadde slikt spørsmål: Eg saknar ein tilsynsrapport på eit naust ved Bernes som skulle leggjast fram for utvalet.

Kommunedirektøren, på vegne av leiar for teknisk forvaltning, svarte

Utvalet ba administrasjonen om å leggje fram protokollen/vedtaket frå møtet der førre utval ba om tilsynet.

Ragnar Tyssebotn, FRP, hadde slikt spørsmål til utvalet: Eg ønskjer at utvalet inviterer utvalet som satt i sist periode til eit kunnskapsoverføringsmøte i samband med arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Utvalet vart samde om at utvalet, ved sekretariatet, inviterer tidlegare leiar for utvalet til neste møte for å gjere greie for dette arbeidet.

Kari L. Mjøs, KRF, hadde slikt spørsmål: Etter at vegen til Fugledalen kom er vegen frå Rymleheia mot skulen ikkje sikker nok til at foreldre ønskjer å sende sine barn over denne vegen. Kan kommunen sjå på dette?

Kommunedirektøren, på vegne av kommunalsjefen for samfunnsutvikling, svarte.

Johannes Haugland, SP, hadde slikt spørsmål: Dersom ein har spørsmål i forkant av møte, kven sender ein desse til?

Kommunedirektøren, ved sekretariatet svarte slik: Spørsmål skal som eit minimum sendast til sekretariatet, men ein kan med fordel uansett leggje på ordførar og kommunedirektøren. Vi har også oppretta ein eigen e-post som vi gjerne vil at skal nyttast i desse tilfella: politisk@osteroy.kommune.no. Dette er for å gjere seg mindre sårbar av omsyn til sekretariatet sin personlege e-post i tilfelle ferie, sjukdom og liknande. "Politisk" e-posten har også ordførar tilgang til.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 06.03.2024 av sak 15/2024 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i saka.

Til å signere møteprotokollen saman med utvalsleiaren vert desse valde: Johannes Haugland og Kari L. Mjøs.
